Reigstad Bygg og Eigedom AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 22.08.2019 |
| Vår: 19/2257 - 19/24912 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Løyve til etablering av ny avkjørsle, mur og støygjerde - gbnr 137/45 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 464/19**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Ronny Johnsen |
| **Ansvarleg søkjar:** | Reigstad Bygg og Eigedom AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3. |

**Tiltak**
Saka gjeld søknad om etablering  av ny avkjørsle til eigedom, etablering av mur langs kommunal veg og etablering av støytiltak på eigedomen.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.08.2019.

**Sakshandsamingsfrist**
Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.08.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

**Planstatus**
Hovuddelen av eigedomen er uregulert og ligg innanfor det som i kommunedelplanen Knarvik Alversund 2007-2019(KDP) er avsett til bustadområde. Delar av arealet hvor det er søkt om etablering av mur og ny avkjørsle er avsett til eksisterande vegareal. Eigedomen sin tilkomst til offentleg veg kryssar over i gjeldande reguleringsplan Kubbaleitet/planid.: 1263- 201215.

**Dispensasjonar**
Dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av ny avkjørsle gjeve 24.01.2019. Vegavdelinga i kommunen har 03.04.2019 gjeve dispensasjon og løyve til å setje opp mur langs kommunal veg i Isdalstøbakken. Dispensasjon frå reguleringsplanen Kubbaleitet for etablering av støytiltak på eigedomen gitt 30.04.2019 og kommunen sin VA avdeling har 25.05.2019 gjeve dispensasjon frå avstandskrav til vassleidning  i forhold til etablering av mur.

**Nabovarsel**
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

**Plassering**
Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 02.08.2019.
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gnr. 137, bnr. 739 har i naboerklæring datert 03.02.2019 samtykka til at støyskjerm kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

**Tilkomst, avkøyrsle og parkering**
Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

**VURDERING**
**Plassering**
Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Tiltaksklasse**
Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av ny avkjørsle, mur langs kommunal veg og støyskjerm på eigedomen på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal etablerast som vist i situasjonsplan datert 02.08.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår i tidlegare vedtak om dispensasjonar for etablering av ny avkjørsle, mur langs kommunal veg og etablering av støytiltak på eigedomen, gjeld framleis.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/2257**

**Ansvar**
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Avfall**
Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigattest**
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar byggesak | Trygve Solberg<br>sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reigstad Bygg og Eigedom AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
| Ronny Johnsen | Kubbaleitet 2 A | 5916 | ISDALSTØ |